



Norbetong AS
Postboks 203 Lilleaker
0216 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1926 - 16/14629

Saksbehandlar:
Berit M.Eskeland
Berit.Eskeland@meland.kommune.no

Dato:
14.07.2016

GBNR 1/347 - Melding om mangel ved septiktank

Meland kommune er forureiningsmynde etter Forurensingslova (forurl.) og har plikt til å følge opp meldingar om mogeleg/fare for forureining.

Når det er fare for forureining i strid med Forurensingslova eller vedtak i medhald av lova, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindra at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørge for å stansa, fjerne eller avgrensa forureininga, jf. forurl. § 7.

Meland kommune har 05.10.2015 motteke melding frå Johny Birkeland Transport AS om at septiktank tilhøyrande eigedommen har høgt nivå. Høgt nivå i tanken tyder på at utløpet er tett, og at tanken ikkje fungerer slik den skal.

Septiktanken må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til seinast ved neste tømning av septiktanken.

For å få utbetra septiktanken må du kontakte eit godkjent rørleggarforetak eller foretak som har ansvar for tømning av tanken din.

Dersom septiktanken allereie er utbetra ber vi om tilbakemelding på dette i vedlagt skjema.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetra septiktanken ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Dersom kommunen ikkje har mottatt skriftleg tilbakemelding innan fristen om at arbeidet er utført, vil kommunen vurdera å gje pålegg om utbetring, jf. forurl. § 7. Det vil samstundes bli vurdert å fastsetja tvangsmulkt, jf. forurl. § 73.

Tilbakemelding

Når septiktanken er utbetra må du fylla ut vedlagte tilbakemeldingsskjema for utført arbeid og returnera det til kommunen. Skjema sender du til

- postmottak@meland.kommune.no eller
- Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG

Spørsmål i saka kan rettast til saksbehandlar på telefon 56 17 10 00 eller på e-post.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Berit M.Eskeland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

GBNR 1-347 Skjema for tilbakemelding

Mottakere:

Norbetong AS

Postboks 203
Lilleaker

0216

OSLO